

## Forslag til forskrift om pristilskot og formidling av pristilskot i jordbruket

Fastsett av Landbruks- og matdepartementet XX.YY.ZZZZ. med heimel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 18.

### Kapittel 1. Føremål, definisjonar og verkeområde

#### § 1. Føremål

Føresegnerne om pristilskot etter denne forskrifta skal medverke til å oppfylle dei målsetnader for jordbruket som Stortinget har fastsett, og trygge at berekning og utbetaling av pristilskot i medhald av jordbruksavtalen skjer på ein forsvarleg og kostnadseffektiv måte.

#### § 2. Sakleg verkeområde og tilhøvet til jordbruksavtalen

Denne forskrifta gjeld for tildeling og formidling av pristilskot etter satsar og andre føresegner fastsett i eller i medhald av jordbruksavtalen. Forskrifta gjeld ikkje pristilskot for frukt, grønt og poteter, etter forskrift 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket.

### Kapittel 2. Tildeling av pristilskot

#### § 3. Mottakar av pristilskot

Det kan berre gjevast pristilskot til føretak som er registrert i Einingsregisteret.

#### § 4. Pristilskot for mjølk

Det kan gjevast grunntilskot til produsent av geitemjølk.

Det kan gjevast distriktstilskot til produsent av ku- og geitemjølk.

Det kan gjevast tilskot etter første og andre ledd for mjølk som er levert innanfor disponibel kvote eller lokalforedlingskvote etter 23. desember 2011 nr. 1502 om kvoteordningen for melk. Det kan også gjevast tilskot for mjølk som vert foredla av eit lokalforedlingsføretak og seinare omsett som foredla vare.

For mjølk som leverast til meieriselskap kan tilskot etter første eller andre ledd berre gjevast for mjølk som på hentetidspunktet oppfyller kvalitetskrava for omsetnad. For mjølk som vert foredla av lokalforedlingsføretak kan tilskotet berre gjevast dersom det selde mjølkeproduktet oppfyller kvalitetskrava for omsetnad til menneskjeføde.

Pristilskot etter denne føresegna skal bereknast på grunnlag av satsen som gjaldt då meieriet henta mjølka hos produsent eller då lokalforedlingsføretaket leverte mjølkeproduktet til kjøpar.

### **§ 5. Pristilskot for kjøt**

Det kan gjevast grunntilskot til produsent for slakt av sau, lam, geit og kje som er omsett.

Det kan gjevast distriktstilskot til produsent for slakt av gris, sau, lam, geit, kje, og storfe som er omsett.

Det kan gjevast kvalitetstilskot til produsent for slakt av storfe, lam- og kjeslakt som er omsett.

Det vert berre gjeve tilskot etter første til tredje ledd for slakt som på klassifiseringstidspunktet oppfyller kvalitetskrava for omsetnad til menneskjeføde.

Som omsett slakt etter første til og med tredje ledd reknast også retur av slakt frå slakteriet til eige bruk eller seinare sal av foredla vare.

Det kan gjevast frakttilstskot til føretak som administrerer transport av slaktedyr frå produsent til slakterianlegg som er godkjent av Mattilsynet, og som avreknar produsenten for slaktet. Det kan også gjevast frakttilstskot til mobile slakteri som slaktar storfe, gris, sau og geit.

Pristilskot etter første til og med tredje ledd skal bereknast på grunnlag av satsen som gjaldt då slaktet vart klassifisert. Pristilskot etter sjette ledd skal bereknast på grunnlag av satsen som gjaldt då dyra vart levert på slakterianlegget.

### **§ 6. Pristilskot for konsumegg**

Det kan gjevast distriktstilskot til produsent for egg som er omsett, så framt eggene oppfyller kvalitetskrava for omsetnad til menneskjeføde.

Det kan gjevast frakttilstskot til eggpakkeri som administrerer transport av minst 500 000 kg konsumegg per år frå produsentar utanom eiga verksemd, og som avreknar produsenten for eggene.

Pristilskot etter første ledd skal bereknast på grunnlag av satsen som gjaldt då eggene vart kvalitetsvurdert på eggpakkeriet. For konsumegg som ikkje leverast til eggpakkeri skal tilskotet bereknast på grunnlag av satsen som gjaldt då eggene vart levert til kjøpar. Pristilskot etter andre ledd skal bereknast på grunnlag av satsen som gjaldt då eggene vart levert på eggpakkeriet.

### **§ 7. Pristilskot for ull og skinn**

Det kan gjevast pristilskot til produsent for ull omsett gjennom ullstasjon og for skinn frå sau (villsauskinn, pelsskinn og ulne skinn) som er omsett gjennom slakteri.

Pristilskot etter første ledd skal bereknast på grunnlag av satsane som gjaldt då ulla og skinna vart klassifisert.

### **§ 8. Pristilskot for korn, andre kraftfôrråvarer og kraftfôr**

Det kan gjevast prisnedskrivningstilskot til føretak som kjøper korn eller andre vekstar frå produsent (kornkjøpar), og som anten vidaresel vara eller brukar den i kommersiell matmjøl- eller kraftfôrindustri. Det gjevast ikkje tilskot for kjøp av korn eller andre vekstar som nyttast i framstilling av fiskefôr.

Det kan gjevast matkorntilskot til føretak som nyttar innanlandsk produsert korn i tilverking av mjøl eller andre cerealprodukt som brukast til menneskjeføde.

Det kan gjevast frakttilstskot til føretak for transport av kraftfôrråvare, samt til husdyrprodusent for transport av kraftfôr.

Det gjevast berre tilskot etter første og andre ledd for varer som oppfyller kvalitetskrava for omsetnad og som vert bruka i den norske marknaden.

Prisnedskrivingstilskot etter første ledd vert berekna på grunnlag av satsen som gjaldt på det tidspunktet då kornet eller veksten vart levert til kjøpar. Matkorntilskot etter andre ledd vert berekna på grunnlag av satsen som gjaldt då kornet vart foredla. Frakttilstskot etter tredje ledd vert berekna på grunnlag av satsen som gjaldt då vara kom fram til mottakar.

### **Kapittel 3. Formidling av pristilstskot**

#### **§ 9. Vilkår for formidling av pristilstskot**

Føretak som formidlar pristilstskot til produsentar må vere godkjent av Landbruksdirektoratet. Slik godkjenning kan gjevast om føretaket

1. kjøper varer som nemnt i jordbruksavtalen sitt kapittel om pristilstskot frå produsent for vidare tilverking eller sal,
2. nyttar eit eigna system for gjennomføring av tilskotsutbetalinga og for dokumentasjon av tilskotsformidlinga ved avrekning til produsent, og
3. følgjer dei klassifiseringsstandardar som gjeld for den einskilde råvare.

Føretak som formidlar pristilstskot for ull, jf. § 7, må i tillegg til krava i første ledd ha eit produksjonsapparat som er eigna for mottak, distribusjon og handtering av ulla.

#### **§ 10. Krav til synleggjering av pristilstskot**

Føretaket skal sørge for at utmålinga av pristilstskot går fram av avrekninga til produsent.

### **Kapittel 4. Opplysningsplikt, forvalting, retting av feilutbetaling med vidare**

#### **§ 11. Opplysningsplikt, tilsyn og kontroll**

Føretak som mottek eller formidlar pristilstskot skal på førespurnad levere dei opplysingar som Landbruksdirektoratet reknar som naudsynte for å kunne forvalte ordninga med pristilstskot, eller for å kunne oppfylle jordbruksavtalen og administrere tollvernet. Opplysingar etter første punktum kan omfatte prognosar over forventa levering eller mottak av jordbruksprodukt.

Landbruksdirektoratet fører kontroll med føretak som mottek eller formidlar pristilstskot. I samband med slik kontroll kan Landbruksdirektoratet krevje innsyn i all bokføring, korrespondanse og anna dokumentasjon. Landbruksdirektoratet kan krevje at ein revisor stadfestar opplysingane.

Føretak som mottek eller formidlar pristilstskot skal utan ugrunna opphold varsle Landbruksdirektoratet om forhold som heilt eller delvis gjer at vilkåra for pristilstskot eller formidling ikkje lenger er oppfylte.

For å gjennomføre kontroll med pristilstskot kan Landbruksdirektoratet krevje tilkomst til lokale som disponerast av føretak som mottek eller formidlar pristilstskot.

Søknad om, og utbetaling av pristilstskot samt rapportering skal skje i samsvar med forskrift fastsett av Landbruksdirektoratet.

**§ 12. Utbetaling, tilbakebetalning og retting av feilutbetalingar**

Ved utbetaling av pristilskot etter denne forskrifta kan det gjerast fråtrekk for jordbruks- og næringsmiddelrelaterte avgifter som tilskotsmottakar er ansvarleg for.

Landbruksdirektoratet kan rette feil eller manglante utbetalt pristilskot, enten ved motrekning, krav om tilbakebetalning eller etterbetaling.

For tilbakebetalingskrav kan det krevjast renter dersom kravet ikkje vert innfridd ved forfall. Om eit føretak som mottek eller formidlar pristilskot ikkje har vore i aktsam god tru om feilutbetalinga av tilskotet, kan det krevjast renter frå tidspunktet for utbetalinga av det urettmessige beløpet. Rentesatsen er lik den til ein kvar tid gjeldande rente fastsett i forskrift gitt med heimel i lov av 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. § 3 første ledd.

**§ 13. Avkorting ved feilopplysingar**

Dersom eit føretak aktlaust eller forsettleg har gjeve feil opplysingar som har eller ville danna grunnlag for ei urettmessig tilskotsutbetaling for føretaket sjølv eller for andre, kan Landbruksdirektoratet avkorte heile eller delar av det samla tilskotet som tilfell føretaket. Tilskotet kan òg avkortast dersom føretaket ikkje følgjer dei fristar som Landbruksdirektoratet har sett for å kunne utføre kontrolloppgåvane sine i medhald av § 11.

**§ 14. Tilbakekall av godkjenning til formidling av pristilskot**

Landbruksdirektoratet kan tilbakekalla ei godkjenning til å formidle pristilskot når føretaket ikkje lenger oppfyller vilkår eller føresetnader for godkjenninga.

**§ 15. Forvaltingsmynde**

Landbruksdirektoratet gjer vedtak og har forvaltingsmynde etter denne forskrifta. Vedtak frå Landbruksdirektoratet kan klagast på til Landbruks- og matdepartementet.

Landbruksdirektoratet kan gje utfyllande forskrift om administrasjon av utbetaling og formidling av pristilskot.

Rapportering, refusjon av utbetalt pristilskot skal skje i samsvar med forskrift fastsett av Landbruksdirektoratet.

**§ 16. Ikraftsetjing**

Forskriften trer i kraft XX.YY.ZZZZ. Frå same tid opphevast forskrift 19. desember 2008 nr. 1490 om pristilskudd i landbrukssektoren og forskrift 19. desember 2008 nr. 1491 om formidling av pristilskudd i landbrukssektoren.

**§ 17. Overgangsføresegner**

Føretak som har rett til å formidle pristilskot etter forskrift 19. desember 2008 nr. 1491 om formidling av pristilskot i landbrukssektoren kan også formidle pristilskot etter denne forskrifta utan særskilt godkjenning.